

<b>Tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2019. Omtale og vurdering av søknadene</b>						
<b>Fartøy</b>	<b>Søkjær</b>	<b>Total-kostnad</b>	<b>Søknads-sum</b>	<b>Tildelt</b>	<b>Omsøkt tiltak</b>	<b>Vurdering</b>
<b>MS Vestgar</b>	Øygardsbåtane AS	207 000	75 000	45 000	Dekking av årlege kontrollar og oppgraderingar av tryggleiksutstyr, forsikringar, samt til kompetansekunnskap for mannskapet	Kontroll, sertifisering og forsikring er naudsynt for å drive fartøyet. Nøkttern og godt dokumentert søknad, høg eigendel.
<b>MS Midthordland</b>	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS	150 000	150 000	90 000	Kostnader i samband med klassing og fornying av sertifikat (ISM-koden eller ISM-norma - den internasjonale norm for tryggleiksstyring).	Klassing og fornying av sertifikat er ein føresetnad for å drive fartøyet, som er eit av få verna fartøy i fylket som er ISM-sertifisert (meir enn 100 passasjerar). Høg eigendel.
<b>MS Gamle Nyborg</b>	Asgeir Andersen	123 000	123 000	50 000	Drivstoffutgifter til seilas Stord-Trondheim, tur-retur. Stord-Åkra tur-retur. Vedlikehald av hovudmotor (stempeltrekk mm), utbetring av navigasjonsutstyr og forsikring.	Motorvedlikehald, navigasjonsutstyr og forsikring er naudsynt for drift av fartøyet og vert prioritert. Drivstoffutgifter vert ikkje prioritert. Søknaden har ingen eigendel.
<b>MS Vulcanus</b>	Vulcanus taubåtkompani	250 000	130 000	75 000	Deltaking på ulike veteranbåttreff og utfarter. Løypande vedlikehald og reparasjonar. Årlege kostnader med å ha båten liggande driftsklar: Strøm, lagerleie, mm. Formidlingsmateriell. Løypande utgifter til sertifisering av utstyr for å halde båten sertifisert. Løypande utskifting av slepe- og fortøyingstrosser. Nye presenningar til mob-båt, styrebru, ankervinsj, med meir. Løypande utgifter til oppgradering av kurs og sertifikat for mannskap.	Som taubåt er fartøyet sjeldsynt innan veteranskipsflåten og har ikkje moglegheiter for passasjerinntekter. Kostnader for å halde fartøyet driftsklar, reservedelar, forsikring, naudsynte sertifikat samt sikkerheitsrelaterte utgifter vert prioritert.
<b>Kurs - ikkje noko spesielt fartøy</b>	Veteranlaget Wichmann Wärtsilä	475 500	125 000	0	Arrangere kurs våren 2019. Auka kunnskapen når det gjeld ivaretaking av motorar og tilhøyrande utstyr i verna fartøy.	Tiltaket er fortjenestefullt, men fell utanfor rammene for tilskotsordninga, sidan det ikkje er knytt direkte til eit konkret fartøy. På dette grunnlaget vert søknaden avslått.
<b>MS Sunnhordland</b>	HSD Sunnhordland AS	320 000	270 000	175 000	Vidare arbeid med sikring, sjekk og utskifting av elektrisk anlegg i maskinrom i.h.h.t. krav frå DSB; Skifte regulator på den eldste hjelpemotoren; Montere høg/lavt nivå på oljetankar, samt nivå på dagtankar.	Stort og komplekst passasjerfartøy. Servicetiltak på maskineri og teknisk utstyr, for å følgja opp krav frå offentleg mynde, er vesentleg for å drive fartøyet. Arbeidet med elektrisk anlegg i maskinrom vert prioritert.

<b>DS Stord I</b>	Stiftelsen D/S Stord I	719 000	300 000	175 000	Mønstringskostnader, yrkesskedeforsikring, bunkers, sertifisering av redningsutstyr, sertifikat og vedlikehald av dekk, maskin, navigasjon	Mønstring, sertifisering og forsikring er naudsynt for å drive fartøyet og vert prioritert. Søknaden har høg eigendel.
<b>MS Lindenes</b>	Veteranbåtlaget MS Lindenes	440 000	110 000	60 000	Slippsetting og kontroll ved verft, kontroll av tre redningsflåtar, kontroll og oppgradering av redningsvestar, mannskapsdrakter, brannflasker, mm. Fornye heile, eller deler av ein SB redningsbøyle fornyast og eit bruvingerøysignal. Oppgradert opplæring av mannskap med IMO60 kurs.	Klassing, kontroll og forsikring er naudsynt for å drive fartøyet. Oppgradert sikkerhetsopplæring av mannskapet følgjer av pålegg frå mynde. Høg eigendel.
<b>SJ Mathilde</b>	Stiftinga Hardanger og Voss museum	1 840 000	200 000	130 000	Faste utgiftar knytt til vedlikehald og sertifisering, m.a. mønstringsutgifter, oppgradering av tryggleiksutstyr, sertifisering og forsikringar.	Sjeldsynt som det einaste seglfartøyet mellom søkjarane, mykje brukt av skuleklassar og difor særleg viktig for formidling til yngre. Høg eigendel. Av utgiftspostane vert slippsetting, sertifisering, samt forsikring og sertifisering av flåtar prioritert.
<b>MS Granvin</b>	Veteranskipslaget Fjordabåten	260 000	200 000	75 000	Fornyng av utstyr etter total rehabilitering og reparasjon. Nytt utstyr for heng og oppbevaring i lasterom. Nytt dusjkabinett og installering. Nytt miljøvennlig vakuumtoalett med tank. Nytt alarmanlegg for mannskap. Ny sommarpresenning for båtdekk. Kartmaskin	Nytt dusjkabinett og vakuumtoalett ligg utanfor rammene for denne tilskotsordninga og vert ikkje støtta. Alarmanlegg, sommarpresenning og kartmaskin vert prioritert.
<b>DS Oster</b>	Nordhordland Veteranbåtlag	672 500	200 000	125 000	Drivstoff/bunkersutgifter. Naudsynt forbruksmateriell og reservedelar, kommunikasjonsteneste, sertifisering av redningsflåtar, kjøp av redningsdrakter og utskifting av lys på livbelte, brannsikring	Grundig og godt dokumentert søknad med høg eigendel. Reservedelar, sertifisering, oppgradering av redningsutstyr og forsikring er naudsynt for å drive fartøyet og vert prioritert.
<b>Til saman</b>			<b>1 883 000</b>	<b>1 000 000</b>		